

29.10.25

Kunstplan for Førdepakken



- 2 Nøkkelfinfo
- 3 Innleiing
- 3 Prioritering av områder og val av kunstnar
- 4 Tiltak 1
- 5-6 Tiltak 12 og 16
- 7 Tiltak 8
- 8 Overordna Budsjett
- 9 Overordna Tidslinje

Oppdragsgjevar

Førdepakken

Fagutval

Magnhild Øen Nordahl, Kunstkonsulent, leiar av fagutval

Anita Nordheim, Kommunalsjef Sunnfjord Kommune, kontaktperson oppdragsgjevar

Tor Martin Leknes, Avdelingsdirektør kunst, Musea i Sogn og Fjordane

Aud Hestenes, Representant for BKSF og NKVN

Vigdis Lobenz, Prosjektleder Førdepakken Sunnfjord Kommune, Landskapsarkitekt

Prosjektleder Førdepakken

Erling Varlid

Budsjettramme

Oppdragsgjevar si budsjettramme er 4.200.000 kr inkl. mva. Budsjettramma omfattar innkjøpskostnaden av kunst (ikkje mva-belagt) inkludert 5% avgift til Bildende Kunstneres Hjelpesfond (BKH), og administrasjonskostnader tilknytta prosessen. I dei høva arbeidet kan utførast i samband med anna, liknande arbeid på staden vil Førdepakken i tillegg bistå med ressursar for fundamentering og montering av kunstverk.

Meir informasjon på www.fordepakken.no og www.sunnfjord.kommune.no

Innleiing

Førdepakken er ei stor utbygging av vegnettet i Førde sentrum som skal sikre ein miljøvenleg og stabil trafikksituasjon i Førde og leggje til rette for fortetting og byutvikling. Som del av Førdepakken skal det oppførast tre nye kunstverk som møter lokalbefolkning og gjennomreisande i kvardagen, til beriking for fellesskapet. Kunstverka oppførast på Naustøyna (tiltak 8), ved Førdehuset (tiltak 1) og ved den nye brua i krysset mellom tiltak 12 og 16. Kunsten i Førdepakken skal gjennom sitt uttrykk og innhald bidra til å gi særpreg til Førde sentrum og ha eit godt samspel med omgjevnadane. Målgruppa er gåande, syklande og folk som oppheld seg i Førde sentrum. Kunstverka kan treffe publikum gjennom å skape undring, refleksjonar, engasjement, møteplassar og aktivitet. Kunstverka skal vere av høg kunstnarisk kvalitet, dei skal vere unike, utført i varige materialer og bli del av dei varige omgjevnadane. Kunstverka kan vere frittstående eller inngå som element i bygde omgjevnader. Det er ikkje sett avgrensingar for kunstprosjekta sin tematikk, men kunstplan og utlysingar formidlar nokre av Førde sine særpreg og kvalitetar som moglege utgangspunkt for kunstnarisk bearbeiding. Førde er kommunesenter for Sunnfjord Kommune, Vestland si største landbrukskommune. Som senter for regionen har Førde både i dag og historisk sett fleire funksjonar for områda rundt, innan mellom anna helse, utdanning og næring. Førde er handelsknutepunkt for regionen og ein by prega av bilbruk. Utbygginga av vegnettet vil gjere Førde betre tilpassa gåande og syklande. Elva Jølstra renn gjennom og formar Førde sentrum. Den er eit sentralt element både i landskapet, bymiljøet og i vegutbygginga i fleire av dei aktuelle områda. Høgskuleutdanninga i Førde tilbyr fleire ulike utdanningsløp, og tidlegare skular inkluderer metallfagskule og husmorskule, sistnevnte med bygg som framleis står i sentrum. Dei siste 30 åra har Norden sin største internasjonale folkemusikkfestival blitt arrangert i Førde. Førde er ein stad i vekst og utvikling med aukande mangfald.

Rammer for kunstopppdrag

Kunstnerar for tiltak 1 og 12/16 vert valt gjennom opa prekvalifisering og påfølgande lukka skissekonkurranse. Alle som sender inn prekvalifiseringsmateriale i tråd med utlysing vil bli vurdert og få svar. Utvalet har rett til å engasjere kunstnerar som ikkje melder seg i prekvalifiseringa. Kunstnarisk kvalitet og gjennomføringsevne vert vektlagt i vurderinga. Bakgrunn for avslag vert ikkje begrunna. Yrkesverksame og profesjonelle kunstnerar busett i Noreg og andre land er aktuelle for oppdraga. Kontrakt med kunstnar baserer seg på standardkontrakta "Kontrakt om kunstopppdrag" utarbeida av KORO (Staten sitt organ for kunst i offentleg rom) og NBK (Norske Billedkunstnere). Kontrakta regulerer mellom anna alminnelege vilkår for kontrakt om kunstopppdrag, plan for gjennomføring og framdrift, godkjenning av kunstnar sitt forslag m.m.

Tiltak 1

Stad, miljø og brukarar

Tiltak 1 (Angedalsvegen–Hafstadvegen) er eit av dei større prosjekta i Førdepakken og inneheld ny rundkøyring, og ny veg og bru over Jølstra, tilrettelagt for gang- og sykkeltrafikk. Prosjektet vert eit viktig gang-/sykkelvegsamband mellom idrettsparken i ny bydel og eksisterande kultur/idrettshus (Førdehuset) og eksisterande idrettsbanar. I området fins dei eksisterande kunstverka “Laksen” av Jørn Rønnau og “Med begge beina på jorda står du still” av Nils Bruland. I tiltak 1 er stad for kunst ein 30 meter lang betongvegg som fører opp mot inngangspartiet til Førdehuset. Førdehuset er eit levande kultur- og idrettshus med konsertar, framsyningar, symjehall, idrettshallar og treningsrom for folk i alle aldrar. Her møtest lokalsamfunn og tilreisande i omgjevnader som legg til rette for både gode kulturopplevingar og aktiv fritid. Hausten 2025 vart det m.a arrangert VM i vektløfting i Førdehuset. Kunstutvalet oppmodar særskilt kunstnerar som arbeider med todimensjonale uttrykk, keramiske fliser, relieff, teglsteinsutsmykning eller andre varige kunstuttrykk som kan integrerast i eksisterande betongflate om å melde si interesse for oppdraget.

Tidsramme

03.11.25: Utlysing prekvalifisering

18.12.26: Frist innsending prekvalifiseringsmateriale

23.01.26: Befaring for kunstnerar i skissekonkurranse


20.03.26: Levering av skisser

07.04.26: Juryering av skisser og tildeling av oppdrag

Haust 2026: Oppføring av kunstverk

Budsjett tiltak 1

Kunstbudsjett for tiltak 1 er 1.000.000 kr inkl. mva. Summen inkluderer kunstnarhonorar, produksjonsutgifter og reiser kunstnaren har med gjennomføring av prosjektet. Kunstavgift på 5% til BKV kjem i tillegg. Skissegjenslag vert honorert med 30.000 kr per kunstnar for totalt tre kunstnerar, som også får dekkja reiser knytta til befaring før skisselevering.



I krysset mellom tiltak 12 og 16

Stad, miljø og brukarar

Området for tiltak 12 strekk seg frå Indre Øyrane til Langebruvegen. Langebruvegen vil binde samandagens sentrum med ny bydel der det er bygd ny vidaregåande skule. Langebruvegen er omforma frå veg til bygata der det framleis er plass til bilar, med prioritert plass til gåande og syklande. Langsgåande allé gir gata eit grønt preg og avstand til trafikken. Tiltaket kryssar strekninga i tiltak 16 ved brua som er bygd over våtmarksområdet Løken. Arbeidet med tiltak 16 er ferdigstilt med ny gang- og sykkelveg i område Naustdalsvegen til Angedalsvegen. På deler av strekninga går den nye gang- og sykkelvegen på sørsida av Løken fram til Langebruvegen og Helsetunet. Strekninga går i område med lite biltrafikk. Tiltaka gir betre tilkomst til skular, Ytre Øyrane, sentrum og Førdehuset for gåande og syklande. Det er laga fleire sitteplassar og utkikkspunkt både langs Løken og Langebruvegen.

Våtmarksområdet Løken var tidlegare elveleie for Jølstra, som etter ein storflaum med snøsmelting og isgang i 1780 braut seg nytt elveløp. Dette førte m.a til at det gamle sentrum i Førde, Sjøahola, som låg i øvre del av dagens våtmarksområde, etterkvart for grunt for tilkomst med båt og difor vart flytta. I dag har Løken eit særeige plante- og dyreliv, som dei nye gang- og sykkelvegane gjer meir tilgjengeleg for allmenta.

Kunstnarisk utsmykking kan plasserast nær brua der tiltak 12 og 16 kryssast, t.d på amfi eller i opparbeida grøntareale i amfi. Sjølve våtmarksområdet er det ikkje aktuelt å gjere inngrep i av omsyn til plante- og dyreliv.



Tidsramme tiltak 12/16

03.11.25: Utlysning prekvalifisering

18.12.26: Frist innsending prekvalifiseringsmateriale

23.01.26: Befaring for kunstnerar i skissekonkurranse

20.03.26: Levering av skisser

07.04.26: Juryering av skisser og tildeling av oppdrag

Haust 2026: Oppføring av kunstverk

Budsjett tiltak 12/16

Kunstbudsjett for tiltak 1 er 1.000.000 kr inkl. mva. Summen inkluderer kunstnarhonorar, produksjonsutgifter og reiser kunstnaren har med gjennomføring av prosjektet. Kunstavgift på 5% til BKV kjem i tillegg. Skisseforslag vert honorert med 30.000 kr per kunstnar for totalt tre kunstnerar, som også får dekkja reiser knytta til befaring før skisselevering.



Førde: Kulturhistorisk vegvisar, s 12-13. Biletet syner restane av Jølstra sitt gamle elveløp øverst til venstre, kor det gamle sentrum Sjøahola låg. I dag er dette våtmarksområdet Løken.

Tiltak 8

Stad, miljø og brukarar

Tiltak 8 inkluderer ny gang- og sykkelveg som går over Jølstra på ny bru. Kunstnaren Cecilia Johnsson er invitert til å lage eit kunstverk for på Naustøyna i området for tiltak 8. Johnsson har utarbeida ein skulptur som vert plassert på Naustøyna, som i form og innhald tek for seg fylkessteinen Eklogitt og Førdefjorden som elva Jølstra munnar ut i. Kunstverket plasserast på tangen like ved den nye brua kor det er tilgjengeleg både for folk som oppheld seg i parkområde og for dei som passerer. Lyssetting av kunstverket vil gjere kunstverket til eit blikkfang i mørke delar av døgnet og året.

Tidsramme tiltak 8

Des 2022: Inngåing kontrakt med kunstnar

Mars 2023: Godkjenning av forslag frå kunstnar

Haut 2026: Oppføring av kunstverk, samkøyrast med bygging av bru



Overordna budsjett

Prosjektleiing	
13% av kunstbudsjett	550.000
Skissekonkurranse	
Honorar skissekostnader og reisegodtgjersle befarings, totalt 6 kunstnerar	210.000
Kunst	
Oppføring av 3 nye kunstverk, inkludert produksjon og honorar	2.900.000
Kunstavgift BKH 5% av pris kunstverk	145.000
Sum oppføring av ny kunst	3.045.000
Andre kostnader	
Fotodokumentasjon, formidling, skilting	70.000
Møtegodtgjersle andre, reisekostnad 1 befarings kunstnar tiltak 8	30.000
Reserve	295.000
Totale kostnader	4.200.000

Overordna tidslinje

Oppstart Kunst i Førdepakken	November 2022
Skissekonkurranse tiltak 1, 12/16	Vinter 2026
Oppføring kunst tiltak 8	Haust 2026
Oppføring kunst tiltak 1, 12/16	Haust 2027
Ferdigstilling Kunst i Førdepakken	Vår 2027